



Aino og Tomi ved teltet i strandkanten.

- Uskedalen is a rising star, I suppose, sa den finske klatraren Tomi(36) då eg møtte han og kjærasten hans, Aino, på Rabben Feriesenter onsdag, og kjærasten var heilt samd. Dei var overbevist om at fleire og fleire klatrarar vil koma til dette eldoradoet etter at dei hadde vore her eit par dagar og klatra i Ulvanåso under flotte forhold.

- Det ligg eit slikt potensiale i naturen her, og kommunen bør absolutt sjå verdien av dette og støtta opp om utviklinga, sa Tomi svært begeistra over naturen dei hadde møtt. Dei to skrytte også over det arbeidet som var gjort med rutene.

- Rutene var i utmerka tilstand, sa dei, men dei sa at det burde vore nokre lettare ruter for nybyrjarar.

Då eg fortalde om arbeidet som klatregruppa nettopp har starta med, å byggja opp ein klatreaena i Børsdalen, syntes dei det var kjempebra. Denne skal vera eit steg vidare for dei som har klatra inne, og også ein nødvendig mellomstasjon før dei kan starta med klatring i Ulvanåso.

Dei fortalde at dei hadde klatra i Sveits i fjor, og dei såg mange likskapar, men det var tydeleg at Ulvanåso var blitt favoritten. Tirsdag hadde dei klatra ruta Silkeveien som er 240 m, og det er mykje for i Finland er det ingen klatreruter over 50 m. Dei hadde 8 timar med effektiv klatring, og det tok 12 timar frå dei forlet bilen til dei var tilbake i den ved midnatt.

- Det var både veldig morosamt, passe vanskeleg, god bolting, og med fantastisk utsikt på toppen. Vi fekk oppleve den vidundelege solnedgangen. Det var berre heilt nydeleg, fortel Aino medan ho mest boblar over av begeistring.



Storformøge klatrarar frå Helsinki.

Aino og Tomi som er frå Helsinki, kom til Uskedalen mandag etter å ha reist med båt frå den finske hovudstaden til Stockholm, reist vidare med bil med ei overnatting i telt i Bø. Uskedalen er såleis første stopp på ferieturen som er planlagt til to veker. Heime i Helsinki er Tomi dramalærer medan Aino er IT-konsulent. No bur dei i telt på Rabben Feriesenter, sjølvstekt heilt i strandkanten, og der har dei også vorte kjende med andre klatrarar.

Dei fortel at då dei kom, var dei midlertidig tome for klatreguide i kiosken, og dei trong jo den med ein gong. Det løyste seg flott! Aino gjekk inn på den lokale klatreklubben si facebookside, og ganske kjapt fekk ho den hjelp ho

trong frå Øystein Eik som er styremedlem i klatregruppa. Dei er svært takksame for den gode hjelpa dei fekk av Øystein. Vi nemner også at Rabben Feriesenter for lengst har fått ny forsyning med klatreguidar.

Når dei snakkar om Uskedalen, er det tydeleg at dei har vore godt førebudde før dei kom, og eg spør korleis dei har fått kjennskap til bygda. Sjølv om det ikkje er noko stort klatremiljø i Finland, har dei ein ven i Helsinki som har vore her, og som hadde anbefalt det veldig sterkt for dei. Dei hadde snakka med andre klatrarar på nettet, og dei hadde ikkje minst lagt merke til den store og flotte artikkelen i det anerkjente magasinet Climbing for 4 år sidan. Ordet om denne fantastiske klatreplassen går, seier dei, og dei er derfor heilt overbevist om at fleire og fleire vil koma hit.

Då eg snakka med dei, var dei spente på veret. Regn er ikkje klatrarane sin venn. Derfor vurderte dei om dei måtte flytte på seg medan dei studerte vermeldingar.

- Vi reiser etter sola. Vi har ein flott ferie, vi bur i telt og har det fritt og fint. Vi samlar verkeleg energi til å koma godt rusta tilbake til kontorpulten etter ferien, seier Aino framleis like smilande og fornøgd. Dei ønskjer også å gå turar og bruka syklane dei har med seg. Heile tida er dei på jakt etter gode utsiktspunkt.

- Neste gong vi kjem tilbake skal eg også ha med dykkarutstyr, avluttar Tomi som er ein ivrig dykkar og har lagt merke til det klare og spennande vatnet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland